



HØYRING NOU 2010 ØSTBERG-UTVALGET SI INNSTILLING - MANGFOLD OG MESTRING

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Senior- og Brukarrådet	042/10	04.10.2010
Levekår	036/10	06.10.2010

Framlegg til vedtak:

Time kommune vil gje høyring til NOU 2010:7 "Mangfold og mestring" som det er omtalt i saka. Time kommune vil gje følgjande tilbakemelding;

OPPSUMMERING AV TILBAKEMELDINGAR FRÅ TIME KOMMUNE

1. Tidleg innsats – Time kommune;

- støttar forslaget om å leggja til rette for auka bruk av barnehage ved å innføra 20-timars gratis kjernetid i barnehagen og i staden fasa ut kontantstøtta.
- støttar utvalet sine forslag til tiltak om å sikra kvalitet i barnehagane med kvalifiserte tilsette og utvikling av tenleg materiell til språkkartlegging.
- støttar forslaga om nasjonale føringar for modellar og innhald for innføringstilbod i kommunane.
- ser eit behov for ei presisering i regelverket for å drive ei ordning med innføringsklasse i tråd med regelverket.

2. Langvarig andrespråksopplæring – Time kommune;

- støttar fleirtalet sitt forslag om ei tilføyning om plikt til språkstimulering til minoritetsspråklege barn i barnehagelova, ikkje mindretalet sitt forslag til tilføyning om ei individuell rett.
- støttar eit behov for presisering i grunnskulelova for betre å synleggjera at retten til særskilt språkopplæring må vera knytt til eleven sitt behov, men ønskjer ikkje å støtte mindretalet sitt forslag om individuell rett.
- ser at betre andrespråksopplæring krev auka kompetanse blant alle tilsette som arbeidar med fleirspråklege barn og elevar.

3. Fleire språk ein verdi – Time kommune;:

- støttar tiltak som kan betre utfordringa med to-språkleg opplæring
- vil ut frå prinsippet om tilpassa opplæringa støtta fleirtalet sitt forslag om at læreplan i grunnleggjande norsk i hovudsak skal nyttast, ikkje mindretalet sitt forslag om at denne skal vera obligatorisk.
- støttar forslaga om å utvikle verktøy for å kartleggja og vidareutvikla språkdugleiken til enkeltelevar.

4. Kompetansebehov – Time kommune;

- ser fram til nasjonale bidrag til kompetansehelevande tiltak lokalt, regionalt og nasjonalt når det gjeld kulturkompetanse/foreldresamarbeid, fleirkulturell forståing - /pedagogikk og metodisk språkopplæring.
- syns det er positivt at utvalet foreslår eit senter for meir forskning på korleis barn utviklar og nyttar fleire språk.

5. Implementeringsutfordringar – Time kommune;

- ser at det er samanheng mellom utfordringane med å implementera lover og forskrifter som er vedtekne dei seinare åra, og manglande økonomiske ressursar til å gjennomføre tiltak.
- meiner at tiltaka som er peika på i tilbakemeldinga vil føre til ei positiv endring når det gjeld opplæringstilbodet til den aktuelle gruppa barn, unge og vaksne

6. Generell kommentar:

Time kommune meiner at Østberg-utvalet har levert ei solid utgreiing med fagleg tyngde. Uavhengig av tiltak, må refleksjonane og vurderingane i utgreiinga danna grunnlag for vidare arbeid med eit betre opplæringstilbod til minoritetsspråklege barn, unge og vaksne.

Den viktigaste tilbakemeldinga frå Time kommune er å peika på at betre statlege rammevilkår er ein føresetnad for å gjennomføre tiltaka som er foreslått i innstillinga frå Østberg-utvalet.

Senior- og Brukarrådet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

SBR-042/10 Framlegg:

Time kommune vil gje høyring til NOU 2010:7 "Mangfold og mestring" som det er omtalt i saka. Time kommune vil gje følgjande tilbakemelding;

Levekår

Forslag frå **Kjell R. Thu, KrF**: Følgjande endring vert innarbeida i tilbakemeldinga:

Tidleg innsats – Time kommune: Første strekpunkt vert endra til

- Støttar ikkje forslaget om å innføre 20-timars gratis kjernetid i barnehagen.
- Nytt strekpunkt:
- Kontantstøtta må ikkje reduserast eller fjernast.

Kapittel 1. Tidleg innsats, Forslag til gratis 20-timars kjernetid endras til:

Utgreiinga viser til at økonomi spelar ei stor rolle i høve til deltaking barnehage. Det vert også vist til TNS Gallup spørjeundersøking som viser at bare 20% av dei som i dag vel kontantstøtte ville velje barnehage dersom kontantstøtta vert fjerna.

Det viser at økonomi ikkje er utslagsgjevande for gruppa som vel kontantstøtte.

Utvalet peikar ikkje på andre faktorar, som t.d. djuptgåande kulturforskjellar og bevisste val av omsorg av eigne barn. I staden finn ein ein-sidede og tildels stigmatiserande omtalar av kontantstøttegruppa, som t.d. Lågt utdanna, låg inntekt og namngjevne minoritetsgrupper.

Time kommune meiner at familiens valfridom må gå føre andre omsyn. Slik innstillinga ligg føre vil familiens reelle valfridom bli sterkt redusert.

Time kommune har og erfaringar med at kostnadskrevjande omleggingar kostar kommunane betydeleg meir enn dei statlege overføringane. Vi reknar difor med at 20 timar gratis kjernetid vil belaste ein allereie stram kommuneøkonomi over tolegrensa.

Time kommune er difor ikkje einig i forslaget om 20 timars gratis kjernetid og at kontantstøtta vert fasa ut.

Framlegget vart vedtatt med 5 røyster, medan 4 røysta for Kjell R. Thu sitt forslag. (2 KrF, Sp, FrP.)

LEV-036/10 Vedtak:

Time kommune vil gje høyring til NOU 2010:7 "Mangfold og mestring" som det er omtalt i saka. Time kommune vil gje følgjande tilbakemelding;

OPPSUMMERING AV TILBAKEMELDINGAR FRÅ TIME KOMMUNE

1. Tidleg innsats – Time kommune;

- *støttar forslaget om å leggja til rette for auka bruk av barnehage ved å innføra 20-timars gratis kjernetid i barnehagen og i staden fasa ut kontantstøtta.*
- *støttar utvalet sine forslag til tiltak om å sikra kvalitet i barnehagane med kvalifiserte tilsette og utvikling av tenleg materiell til språkkartlegging.*
- *støttar forslaga om nasjonale føringar for modellar og innhald for innføringstilbod i kommunane.*
- *ser eit behov for ei presisering i regelverket for å drive ei ordning med innføringsklasse i tråd med regelverket.*

2. Langvarig andrespråksopplæring – Time kommune;

- *støttar fleirtalet sitt forslag om ei tilføyning om plikt til språkstimulering til minoritetsspråklege barn i barnehagelova, ikkje mindretalet sitt forslag til tilføyning om ei individuell rett.*

- støttar eit behov for presisering i grunnskulelova for betre å synleggjera at retten til særskilt språkopplæring må vera knytt til eleven sitt behov, men ønskjer ikkje å støtte mindretalet sitt forslag om individuell rett.
- ser at betre andrespråkopplæring krev auka kompetanse blant alle tilsette som arbeidar med fleirspråklege barn og elevar.

3. Fleire språk ein verdi – Time kommune;;

- støttar tiltak som kan betre utfordringa med to-språkleg opplæring
- vil ut frå prinsippet om tilpassa opplæringa støtta fleirtalet sitt forslag om at læreplan i grunnleggjande norsk i hovudsak skal nyttast, ikkje mindretalet sitt forslag om at denne skal vera obligatorisk.
- støttar forslaga om å utvikle verktøy for å kartleggja og vidareutvikla språkdugleiken til enkeltelevar.

4. Kompetansebehov – Time kommune;

- ser fram til nasjonale bidrag til kompetansehevande tiltak lokalt, regionalt og nasjonalt når det gjeld kulturkompetanse/ foreldresamarbeid, fleirkulturell forståing - / pedagogikk og metodisk språkopplæring.
- syns det er positivt at utvalet foreslår eit senter for meir forskning på korleis barn utviklar og nyttar fleire språk.

5. Implementeringsutfordringar – Time kommune;

- ser at det er samanheng mellom utfordringane med å implementera lover og forskrifter som er vedtekne dei seinare åra, og manglande økonomiske ressursar til å gjennomføre tiltak.
- meiner at tiltaka som er peika på i tilbakemeldinga vil føre til ei positiv endring når det gjeld opplæringstilbodet til den aktuelle gruppa barn, unge og vaksne

6. Generell kommentar:

Time kommune meiner at Østberg-utvalet har levert ei solid utgreiing med fagleg tyngde. Uavhengig av tiltak, må refleksjonane og vurderingane i utgreiinga danna grunnlag for vidare arbeid med eit betre opplæringstilbod til minoritetsspråklege barn, unge og vaksne.

Den viktigaste tilbakemeldinga frå Time kommune er å peika på at betre statlege rammevilkår er ein føresetnad for å gjennomføre tiltaka som er foreslått i innstillinga frå Østberg-utvalet.

SAKA GJELD

Sissel Østberg, rektor ved høghskolen i Oslo, har leia eit utval som har sett på opplæringstilbodet til fleirspråklege barn, unge og vaksne. Utvalet har sett nærare på kva barnehage, skule, vaksenopplæring og høgare utdanning kan gjera for at fleirspråklege barn, unge og vaksne skal få fullt utbytte av si opplæring. Den 1.juni leverte utvalet si innstilling; NOU 2010: *Mangfold og mestrings*. Utgreiinga inneheld 21 kapittel og nær 400 sider. Denne er nå ute på høyring, med høyringsfrist 1.november.

TIME KOMMUNE SI TILBAKEMELDING TIL UTVALET:

Utvalet har levert ei grundig gjennomarbeida utgreiing med viktige refleksjonar knytt til nasjonal og internasjonal forskning. Refleksjonane og vurderingane er viktige å bringa vidare i debatten sentralt og lokalt. Den faglege forankringa i utvalet si innstilling må danna grunnlag for vidare arbeid og prioriteringar på ulike nivå kring eit betre og samanhengande tilbod til fleirspråklege barn, unge og vaksne. For Time kommune gjeld dette både barnehage, - skule, og - eigar/kommunenivå.

Utvalet si innstilling kan samanfattast i hovudperspektiva skissert nedanfor. Innstillinga er omfattande med mange spanande og utfordrande tiltak. Høyringsinstansane er bedne om å plukka ut dei kapitla og områda dei særskilt har merka seg. Kommentaraane frå Time er knytt i hovudsak til kap. 7, 8, 10 og 20. Innstillinga kan lesast ved å gå inn på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/nouer/2010/NOU-2010-7.html?id=606151>

1. Tidleg innsats

Time kommune synest det er positivt at utvalet legg vekt på tidleg innsats. Dette er eit viktig prinsipp i all opplæring, uavhengig av alder/nivå barnet/eleven er på i opplæringa.

Forslag til gratis 20-timars kjernetid

Gode pedagogiske tilbod i førskulealder legg eit godt grunnlag for læring og utvikling. Barn og foreldre tilhøyrande barnehagar med eit rikt språkstimulerande miljø får eit godt språkleg, sosialt og kulturelt grunnlag for deltaking i det norske samfunnet. Den norske Mor-Barn undersøkinga viser til forskjellar i språkutvikling mellom treåringar som går i barnehage og dei som ikkje går i barnehage. Særleg store er desse for barn med lågt utdanna mødre, minoritetsspråklege barn og barn frå familiar med låg inntekt. Utgreiinga viser til at økonomi spelar ei stor rolle i høve til deltaking i barnehage.

Time kommune viser difor til kap. 7, og støttar forslaget om å leggja til rette for auka bruk av barnehage ved å innføra 20-timars gratis kjernetid i barnehagen og i staden fasa ut kontantstøtta.

Tiltak for å sikra kvalitet i barnehagen

Kommunen støttar og utvalet sine forslag til tiltak om å sikra kvalitet i barnehagane med kvalifiserte tilsette og utvikling av tenleg materiell til språkkartlegging.

Nasjonale standarder for innføringstilbod

Kvart år kjem nye barn og familiar med anna språkleg bakgrunn enn norsk til kommunane. Desse har gjerne status som flyktningar, asylsøklarar eller er arbeidsinnvandrarar. Felles er likevel eit behov for integrering og aktiv deltaking i det norske samfunnet. Barrieren for dette er språk og forståing av begge partar sin kultur. I tråd med prinsippet om tidleg innsats må barn, unge og vaksne få eit tilbod som gjer dei raskt i stand til deltaking.

Time kommune viser difor til forslaga i både kap.7 og kap. 10 om innføringstilbod til barn og elevar. Mange barn og elevar opplever eit sjokk ved å koma rett inn i barnegrupper og klassar utan å forstå eit ord norsk eller å ha innsikt i norsk kultur og væremåte. Dette er til hinder for integrering og inkludering og ikkje minst deira læring og utvikling. Kommunen støttar forslaga om nasjonale føringar for modellar og innhald for innføringstilbod i kommunane. Innføringstilbod gir barn og elevar betre føresetnader til å delta i barnehagekvardagen og i opplæringa. Tilboda sikrar eit minimum av basis – og norskferdigheiter for å forstå og delta i opplæringa og det sosiale samspelet. Time kommune har god erfaring med ei ordning der nytilflytta minoritetsspråklege barn frå ulike skular i kommunen samlast i ein innføringsklasse. Dette skjer i ei parallellopplæring med heime-skulen til eleven. Utvalet er klare på at det ikkje er ønskeleg med ei slik parallellordning. Dei ønskjer eit atskilt løp på ca eit år før eleven vert overført til ordinær klasse. Regelverket per i dag seier at elevar ikkje skal takast ut av sitt ordinære skuleløp til særskilt undervisning. Time kommune ser difor eit behov for ei presisering i regelverket for å drive ei ordning i tråd med regelverket.

I små kommunar kan det vera for lite miljø for eigne innføringsklassar. Det kan vera ei løysing å gå saman på tvers av kommunegrensene om å skapa eit samla innføringstilbod for barn, elevar i grunnskulen og for vaksne som deltek i introduksjonsprogram og vaksenopplæring. Utvalet viser til at samlokalisering av tilboda til barn og vaksne kan gje større tryggleik for deltakarane, men og gje større fagleg tyngde og kompetanse. I nærleiken av Time finn vi Sandnes og Stavanger som har samlokalisert tilboda til sine nye innbyggjarar. Ved Johannes læringssenter i Stavanger legg dei vekt på : ”Heile familien inn ei dør”.

2. Langvarig andrespråkopplæring

Barn lærer raskt å kommunisere om kvardagslege ting. Å meistra det akademiske språket som nyttast i skulen, krev lenger tid. I tillegg møter elevar meir og meir kompliserte ord og omgrep oppover i skuletida. Elevar som ikkje meistrar skulespråket ved skulestart står i fare for å få eit svekka utbytte av læringa.

Utvalet viser til forskning som poengterer at det tar 5-7 år å lære eit andrespråk så godt at det fungerer som eit opplæringsspråk. Det vert presisert at det ikkje er alderen som avgjer kor enkelt og raskt barnet/eleven lærer andrespråket, men meir kva samanheng barnet/eleven står i. Det er difor vesentleg at barnehage/skule er medvitne - og har kunnskap om andrespråklæringa.

Eiga formulering i barnehagelova om plikt til språkstimulering

Fleirtalet i utvalet foreslår ei eiga formulering i barnehagelova for å vektleggje plikta til språkstimulering for minoritetsspråklege barn. Mindretalet foreslår ei tilføyning om individuell rett til språkstimulering/særskilt norskopplæring. Time kommune støttar fleirtalet sitt forslag då ei individuell rett kan binda opp for mykje økonomiske og administrative ressursar.

Tilføyning til §2-8 i opplæringslova

Utvalet viser til at det er viktig å skilje mellom dei ulike elevgruppene innan dei minoritetsspråklege elevane i grunnskulen. Nokre kommer i løpet av skuleåret, andre er født i Noreg av innvandrarforeldre eller kommer til landet i svært ung alder. Difor må det nyttast ulike verkemidlar til dei ulike gruppene.

Utvalet har sett at mange elevar ikkje får den opplæringa dei har krav på etter opplæringslova §2-8. ”... elever får ikke sjelden et vært begrenset tilbud” skriv utvalet. Utvalet foreslår ei endring i lova slik at det vert klart kva retten kan innebære i høve til fag – og timefordeling, organisering m.m. Vidare foreslår utvalet ei endring som sikrar elevar rett til særskilt språkopplæring etter overføring til ordinær læreplan i norsk. Fleirtalet i utvalet viser og til at det kan vera samanheng mellom korleis retten til særskilt språkopplæring er formulert i § 2-8,

og manglande bruk av morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Difor foreslår fleirtalet ei endring for betre å synleggjera at vurderinga om retten til særskilt språkopplæring må vera knytt til eleven sitt behov. Mindretalet foreslår å innføra ein generell individuell rett til morsmålsopplæring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Time kommune støttar eit behov for presisering i lova, men ønskjer ikkje å støtte mindretalet sitt forslag om individuell rett. Vidare vil kommunen presisera at skal retten til særskilt norskopplæring skjerpast i både barnehagelov og lov om opplæring i grunnskulen, må det følgjast opp med økonomiske ressursar.

Time kommunse ser at betre andrespråkopplæring krev auka kompetanse om språkopplæring blant alle tilsette som arbeider med fleirspråklege barn og elevar. Kommunen reknar då med auka statlege rammevilkår til kompetanseheving og ressursar i opplæringa.

3. Fleire språk ein verdi

Innstillinga frå utvalet er prega av eit syn på at fleire språk er ein verdi i det norske samfunnet. Kommunen ser behovet for to-språklege tilsette i barnehage og skule. Utfordringa er ofte at kommunane bare kan tilby små delstillingar eller at det er vanskeleg å få tak i kvalifiserte tilsette. Dette gjer det vanskeleg å få tak i tilsette med ønskeleg morsmål.

Auka kompetanse og betre arbeidstilhøve for tospråkleg personale

For å styrka rekrutteringa til to-språkleg assistanse-/opplæring foreslår utvalet ei heving av kompetansen til denne yrkesgruppa. Utgreiinga viser og til at organiseringa av arbeidshøve til desse kan gjerast betre ved til dømes ei samlokalisering av deira kompetanse. Ei slik ordning har Time kommune fått god erfaring med ved at Språkstasjonen tilsetjer og ”leigar” ut tilsette med ønskeleg morsmål. Kommunen støttar tiltak som kan betra utfordringa med to-språkleg opplæring, men ser at dette må føre med seg auka økonomiske ressursar frå staten.

Læreplan i grunnleggjande norsk – obligatorisk eller ikkje obligatorisk?

Læreplan i grunnleggjande norsk for minoritetsspråklege blei vedteke i 2007. Den er ein del av Læreplanverket for Kunnskapsløftet, men skil seg frå dei andre planane ved at kompetansemåla er grupperte etter nivå og ikkje alder. Planen er ein overgangsplan som skal nyttast til elevane kan følgje den ordinære undervisninga. Fleirtalet i Østberg-utvalet vil at Læreplanen i grunnleggjande norsk som hovudregel skal nyttast når elevar har rett på særskilt opplæring. Mindretalet i utvalet ønskjer at læreplanen skal vera obligatorisk. Time kommune støttar fleirtalet sitt forslag ut frå prinsippet om tilpassa opplæring. Vidare støttar kommunen utvalet sitt forslag om å utvikla verktøy for å kartleggja og vidareutvikla språkdugleiken til enkeltelevar.

4. Kompetansebehov

Utvalet peikar på eit stort behov for auka kompetanse i heile opplæringsløpet. Time kommune er einig i at det er eit behov for meir kulturkompetanse/foreldresamarbeid, fleirkulturell forståing -/ og pedagogikk og metodisk språkopplæring. Kommunen ser fram til nasjonale bidrag slik at kompetansehevande tiltak kan setjast i verk lokalt, regionalt og nasjonalt. Time kommune syns det er positivt at utvalet foreslår eit senter for meir forskning på korleis barn utviklar og nyttar fleire språk.

5. Implementeringsutfordringar

Dei seinare åra har det blitt vedteke lover og forskrifter som har vist lite igjen i praksis. Dette kan skuldast manglande kunnskap, haldningar til fleirkulturelt arbeid og-/eller manglande ressursar til å prioritera dette arbeidet.

Time kommune er einig i at det er framleis store utfordringar innan dette store feltet. Mykje kan likevel endrast om tiltak skissert under hovudperspektiva ovanfor blir sette i verk. Time kommune vil hevda at betre statlege rammevilkår vil hjelpa til å skapa meir kvalitetsprega tilbod, betre omdømme og dermed meir positive haldningar til opplæringa av minoritetsspråklege.

OPPSUMMERING AV TILBAKEMELDINGAR FRÅ TIME KOMMUNE

1. Tidleg innsats:

- Time kommune støttar forslaget om å leggja til rette for auka bruk av barnehage ved å innføra 20-timars gratis kjernetid i barnehagen og i staden fasa ut kontantstøtta.
- Time kommune støttar utvalet sine forslag til tiltak om å sikra kvalitet i barnehagane med kvalifiserte tilsette og utvikling av tenleg materiell til språkkartlegging.
- Kommunen støttar forslaga om nasjonale føringar for modellar og innhald for innføringstilbod i kommunane.
- Time kommune ser eit behov for ei presisering i regelverket for å drive ei ordning med innføringsklasse i tråd med regelverket.

2. Langvarig andrespråkopplæring:

- Time kommune støttar fleirtalet sitt forslag om ei tilføyning om plikt til språkstimulering til minoritetsspråklege barn i barnehagelova, ikkje mindretalet sitt forslag til tilføyning om ei individuell rett.
- Time kommune støttar eit behov for presisering i grunnskulelova for betre å synleggjera at retten til særskilt språkopplæring må vera knytt til eleven sitt behov, men ønskjer ikkje å støtte mindretalet sitt forslag om individuell rett.
- Time kommune ser at betre andrespråkopplæring krev auka kompetanse blant alle tilsette som arbeidar med fleirspråklege barn og elevar.

3. Fleire språk ein verdi:

- Kommunen støttar tiltak som kan betre utfordringa med to-språkleg opplæring
- Ut frå prinsippet om tilpassa opplæringa støttar Time kommune fleirtalet sitt forslag om at læreplan i grunnleggjande norsk i hovudsak skal nyttast, ikkje mindretalet sitt forslag om at denne skal vera obligatorisk.
- Kommunen støttar forslaga om å utvikle verktøy for å kartleggja og vidareutvikla språkdugleiken til enkeltelevar.

4. Kompetansebehov:

- Time kommune ser fram til nasjonale bidrag til kompetansehevande tiltak lokalt, regionalt og nasjonalt når det gjeld kulturkompetanse/foreldresamarbeid, fleirkulturell forståing - /pedagogikk og metodisk språkopplæring.
- Time kommune syns det er positivt at utvalet foreslår eit senter for meir forskning på korleis barn utviklar og nyttar fleire språk.

5. Implementeringsutfordringar:

- Time kommune ser at det er samanheng mellom utfordringane med å implementera lover og forskrifter som er vedtekne dei seinare åra, og manglande økonomiske ressursar til å gjennomføre tiltak.
- Time kommune meiner at tiltaka som er peika på i tilbakemeldinga vil føre til ei positiv endring når det gjeld opplæringstilbodet til den aktuelle gruppa barn, unge og vaksne

6. Generell kommentar:

Time kommune meiner at Østberg-utvalet har levert ei solid utgreiing med fagleg tyngde. Uavhengig av tiltak, må refleksjonane og vurderingane i utgreiinga danna grunnlag for vidare arbeid med eit betre opplæringstilbod til minoritetsspråklege barn, unge og vaksne.

Den viktigaste tilbakemeldinga frå Time kommune er å peika på at betre statlege rammevilkår er ein føresetnad for å gjennomføra tiltaka som er foreslått i innstillinga frå Østberg-utvalet.

Rådmannen i Time, den 21.09.2010

Brit Nilsson Edland

Ørjan Daltveit